

kal målast neste år

09.10.2012



Gamleskulen, som Uskedalen Utvikling eig, blir stadig opprusta. Styret har såleis bestemt at huset skal målast utvendig neste år.. Kva kjellaren skal nyttast til er framleis under vurdering men det første byggjesteget er ikkje langt unna. Det skal omfatta omleggjing av kloakk, ny ytterdør og betongleggjing med varmekabler og røyr.

Kva målinga angår, vert to alternativ utgreidd: Anten leige av lift og dugnad eller engasjement av LAN. Prisane blir no innhenta og samanlikna.

Til arbeidet i kjellaren skal det søkjast tilskot frå SR bankfondet, kommunen og spelemidlar.

Det vert arbeidd med avtalen om lavvoen på Skårhaug og finansiering av politibilen utanfor Gamleskulen. Bilen, som har vorte populær hos den yngre generasjon, skal finansierast ved interne overføringer med støtte av inntektar frå Cafe Tiaren,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen